



# Seljord kommune

Mona Davidsen  
Kanalen 3  
0252 OSLO

## Byggesak - delegera - nr. 14/12

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:  
— 2014/323-2 Egil Birkrem,35065163 L42 21.02.2014  
egil.birkrem@seljord.kommune.no

### 7/11 - Manheimstrondi 769 - Løyve til oppføring av tilbygg

#### Saksdokument:

Søknad  
Nabovarsel  
Situasjonskart  
Teikningar

#### Saksutgreiing:

Søknaden gjeld oppføring av tilbygg for utviding av opphaldsrom. Tilbygget får eit bebygd areal blir 8m<sup>2</sup> og bruksareal på 7m<sup>2</sup>. Kledning, taktekking og takvinkel blir som på dagens fritidshus. Naboar er varsla og samtykker til tiltaket. Fritidsbustaden ligg i byggjeforbod sona til Seljordsvatnet. Tilbygget blir liggande slik at dagens avstand til vatnet ikkje blir endra. Rådmannen har ingen andre merknadar.

#### Vedtak:

Med heimel i §20-2 i Pbl-lova vert søknad om oppføring av tilbygg på eigedomen 7/11 - Manheimstrondi 769 godkjent i samsvar med søknad. Vedtaket er gjort etter delegert fullmakt

Med helsing

Kåre Groven  
Teknisk sjef

Egil Birkrem  
Avdelingsingeniør

Kopi: Planutvalet  
3D Arkitekter AS 3840 Seljord

*Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut.*

*Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringar som er ynskjeleg, og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.*

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Seljord kommune Teknisk avdeling	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet)</b>
	(2) Dato 21.02.2014
(3) Mottakar (namn og adresse) Mona Davidsen, Kanalen 3, 0252, OSLO	(4) Klageinstans Fylkesmannen i Telemark
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre – tre – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De gjeva opp datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ynskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga.</li> <li>- Klaga må underskrivast.</li> </ul>
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gjeva nærare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. [Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	